

Nye utfordringer – nye moglegheiter

På onsdag førstkomande inviterer Fusa sokneråd til inspirasjonskveld saman med kyrkjelyden under temaet «Nye utfordringer – nye moglegheiter». Samstundes ber soknerådet om hjelp til å staka ut kursen vidare på ein del område.

I haust har vi i stor grad opplevd godt med folk i kyrkjene våre, og det er også til inspirasjon. Det er innført ny liturgi, og vi opplever etter kvart bra deltaking i kyrkjelyden også på dette. Det er difor mykje å gleda seg over og takka for. Samstundes har vi også fleire utfordringer – og dermed også nye moglegheiter.

Her inviterer vi kyrkjelyden til å vera med ein kveld der vi vil ha nokre korte innleiingar og gruppearbeid. Tema vi kjem inn på er m.a. det nye gudstestemønsteret vi vil få i Fusa, diakoni, trusopplæring for nye aldersgrupper og kva som skjer med kyrkjene våre. Der er varierte tema og difor skulle kvelden kunna bli noko for ein kvar.

Fusa sokneråd



Det har vore bra oppslutning om mange av gudstestestene i Fusa i haust.

Eldredag med «Han Innante»

Eldredagen blir markert tysdag 1. oktober i Fusa, som i resten av verda. Programmet for dagen går føre seg i Eikelandsosen be-dehus. Trekkplasteret dette året er den kjente komikaren *Torolf Nordbo*, betre kjent som «Han Innante», som både syng, spelar gitar og er kjent for å få opna latterdøra på den mest knirkete grinebitar.

I kjent stil blir det også tid til mat – både betasuppa, kaffi og setabrød.

Godtskalk Skåtun kjem frå Sparebanken Vest for å fortelja om bankverksemd før og no, og snakka litt om kva tenester dei har for dei eldre.

Elles blir det allsong og utlod-ding.

– Me har vore 60 på det meste før om åra. Med eit så godt program som i år, håpar me det kjem minst like mange på tysdag, fortel *Roald Samnøy*, som saman med «Rådet for seniorar og folk med nedsett funksjons-evne» er komité for arrangeme-tet.

Bli abonnent

– få avisa tilsendt i posten



Hovudpersonane – aspirantane: Gaute Torgilstveit (f.v.), Torstein Olderkjær, Sondre Torgilstveit, Mia Ragnhildstveit, Alexandra Molina og Maria Skibenes.

Opp, opp, opp!

Slik forklarte gjesteinstruktør *Eirik Gjerdevik* kva som måtte til for å bli betre på eit instrument. Søndag var det avslutningskon-sert i gymsalen på Fusa ungdomsskule etter ei helg med intens øving for Eikelandsosen skulemusikklag og Eikelandsfjorden musikklag.



Eirik Gjerdevik har i fleire år vore gjesteinstruktør og inspirator for heile brass-banden i bygda.



Martin Koldal hadde soloen i stykket «Polly» av *Herbert Clark*.

Morten Holmefjord

– Ungdomane må dyttast og dyttast. Og dei likar det også, fortalde *Gjerdevik* vidare.

3. plassen frå 3. divisjon under NM i juni (noko som hadde fått *Gjerdevik* til å ramla ut av stolen) var eit tydeleg teikn på at dei hadde fått det til. Men for å koma vidare måtte det berre øvast og øvast.

Hovudkorpset til skulemusikken er no 16 musikantar. Ideelt sett burde dei vore 20 til 25, men det går rette vegen.

Polly

Før konserten, fortalde *Tove Hjartnes Fosså* at det var ein litt sliten gjeng som sat fram-føre notestativa, nokre av dei hadde til og med overnatta på barneskulen. *Gjerdevik*, som spelte i Eikelandsfjorden musikklag i sin ungdom, meinte det var kjekt å få koma tilbake og gi noko attende til laget.

Etter opningsnummeret «Love Monde», spelte *Martin Koldal* «Polly» – opphavleg skrivne som kornettsolo, men no arrangert for tuba. Dette kom han svært godt ifrå og fekk velfortent applaus.

Aspirantar og sjekk

Sydlandske rytmar i «Salsa Amigo» følgde, før dei viktigaste personane i korpset – dei seks aspirantane – fekk prøva seg. Dei hadde fleire nummer, både solo, i grupper, med og utan korps. *Tove Hjartnes Fosså* meinte det var imponerande etter berre å ha øvd sidan 27. august, og det verka som publikum var samd i dette.

Godtskalk Skåtun steig så fram på med eit lurt glis og ein sjekk på 35.000 kroner under armen, frå Sparebanken Vest sitt allmenn-yttige fond. Den godlynte mannen oppmoda folk om å ta lodd, og helst bruka lette peng-ar, slik at det ikkje vart så tungt å bera for dei som styrte med loddsalet.

I trapesen

Som siste nummer kom ei sirkus-suite i fire delar: Første del med hesteriding utan sadel, så kom det tre elefantar fram (tuba), så skulle folk få svinga seg i trapesen – og til slutt eit musikalsk klovennummer med slapstick. Her viste korpsa både presisjon og variasjon, noko som vart ei feiande flott av-runding av konserten.